


Hundårsminne for redningsdåd på Lepsøya:

Ola Nessel var med og redda Betty Mouats! — Og fekk medalje frå dronning Victoria



I disse dagar er det 100 år sidan ei mirakuløs redning gjekk føre seg ved Lepsøya på Sunnmøre. Blandt redningsmennene var Ola Nessel, eller også kalla Ola i Bukti'n. Han var fiskar og budde i bukta nedunder Prestegarden i Nessel kommune. Den som vart redda var ei 60 år gammal kvinne. Betty Mouat, som i 8—9 dagar dreiv frå Shetland og i sikksak over Nordsjøen i ein skibrudden båt i eit forrykande uver, men som til slutt dreiv i land på Sunnmøre og vart redda. Ei hending som vekte utruleg oppsikt for 100 år sida, men som den dag i dag står som ei av dei mest forunderlege fortisa og fantasiske redning som nokon gong har funne stad til sjøs.

Til og med dronning Victoria i England vart kopla inn. Ei medalje frå den britiske regjeringa med inskripsjonen «For Gallantry and Humanity — From The British Government», vart tildelt redningsmennene. Oversatt betyr dette: For tapperhet og humanitet — frå den britiske regjering. Og Ola Nessel var altså av dei som fekk ei slik medalje. Bilete av Ola og medalja finne si dag på garden Skorgesstua på Boggestranda.

Beskjeden

Ola Nessel var husmannsgut og berre 26 år gammal då han var med på redninga utafor Lepsøya i 1886. Ein anna kar ved namn Knut Veblungnes var også med i tillegg til ein 4—5 andre fiskarar. Ola var ikkje den som ville framheve seg sjølv. Difor var det heller sjeldan at han snakka om redninga han var med på. Og såleis var det langt ferre som var klar over at han til og med hadde fått ei medalje frå den britiske regjeringa for dette.

Ein gong må einkvann likevel ha fått han til å ta fram medalja og henge den på jakkeslaget for så å ta bilete — det einaste bilete som ein veit eksisterar av Ola Nessel.

Dreiv i 9 dagar

At båten med Betty Mouats vart redda bleiknar likevel mot den historia som den 60 år gamle kvinna ombord kunne fortelje etter å ha dreve heilt frå Shetland og over Nordsjøen til Nordvestlandet. I heile ni dagar og åtte netter dreiv Columbine, ei frakteskute, som eit lite eggskal på dei stormfulle havet. Betty Mouat var einaste person ombord. Korleis det hang ihop følgjer her.

Storm

Columbine hadde søkt nødhann i Grutness, og låg og venta på betre ver. Betty Mouats hadde tidlegare hatt slag og var delvis lamma på eine sida av kroppen. Difor burde ho snarast til legebehandling og næraste stad var Lerwick. Skipperen ombord vart overta- la til å gjere den 40 km lange turen over sjøen til byen —

trass i uveret som rasa langs kysten. Den 30. januar 1886 vart ho hjulpe ombord og skipper James Jamieson pluss eit par karar til la frå kaia og ut mot havet og dei store bølgene. Columbine gjekk i fast rute langs Shetlandskysten og frakta både post og varer. Uver var nok heller ikkje ukjent for skuta og skipperen.

Men det skulle gå berre om-lag ein halv time før dei fekk problem. Vinden hylte der skuta la seg på dei kjempenesige dønningane som gjorde at dei knaka i ryggen.

På land kunne folket stå og sjå på at skuta oppførte seg noko uvanleg. Den shigra sterkt som om den hadde mista styringa.

Drukna

Etter kort tid fekk også folket sjå ein livbåt som fossrodde gjennom sjøen. Den vart skylt på land med to mann ombord. Skjelvande og umatta kunne dei fortelje kva som hadde hendt.

Kapteinen var blitt skylt over bord og drukna. Dette under eit forsøk på å reparere storsellet som hadde vorte revet sund. Dei to andre, styrmannen og ein matros, satte så livbåten på sjøen i eit forsøk på å redde kapteinen. Men dei fann han ikkje att. Seila på skuta tok dei seg ikkje tid til å ta ned. Difor dreiv skuta også vekk frå livbåten og dei to hadde ikkje sjansar med å nå att Columbine. Betty Mouat var igjen aleine på båten, der den dreiv ukontrollert vidare og utover de stormfulle og frådande havet.

Mjølkk og kjeks

Det vart straks satt igong leitaksjonar etter skuta. Men

Ola Nessel med medalja som han fekk for redningsdåden han var med på utanfor Lepsøya for 100 år sia. Om Ola blir det elles fortald at han var litt av ein bygdaoriginal.

mangt. Og det kunne ofte hende at Ola kom på gode argument etter at han var komen ut på fjorden. Då tok han til å rope mot Knut på land og slik at dei høyrdest utover heile grenda.

Ein gong hadde nokre gaudera ordna seg med ei snor som dei festa til bordet inne i stua hans Ola. Etter at han hadde lagt seg drog dei litt i snora. Ola satte seg opp og lydde litt. Etter at han la seg ned igjen, rykte det på nytt. Han skvart opp og lydde ei god stund, men la seg til slutt ned att. Da rykte det kraftig i. Men da reiste Ola seg opp og sa med tordenrøyst: «Er det så du eig meir i byten enn I, så får du ta henne da». Han


trydde helst det var «Gammel-Erik» sjølv som var ute. Ola levde sine siste år på Nessel Alderstein der han døydde i 1947.

Om denne hendinga med redninga av Betty Mouats er det skreve mykje. I England vart det gjeve ut ei bok også om historia for 13 år sida. No skal det også kome bok på norsk. Etter det vi har forstått er det personar på sunnmøre som har teke initiativet til det. Og då kjem det vel sikkert meir om både redningsmennene, Betty Mouats og andre!

Kilder:
Hjemmet jan. -74
Romsdals Budstikke des. -74
Bygdabok Nessel, band IV.

Bygda-Original

Om Ola blir det elles fortalt mange historier. Han var ein bygdaoriginal og ikkje så reint lite overrask. Det hadde han frå foreldra sine, Kristen Andersons Angvik og Marit Olsdotter (frå Øre). Det var også litt av ei tordenrøyst Ola sette i med når han skulle fortelje noko. Under vårfisken etter hyse og mådd fyrta han som regel inn til Knut Gaupør på Boggestranda. Ola og Knut gjekk godt i lag og diskuterte



Her er medalja han fekk av Dronning Victoria etter å ha vore med å redda Betty Mouat.